



Bømlo kommune
Rådhuset - Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dato: 03.11.2014
Vår ref.: 2014/21484-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Høyringsinnspel til planprogram for Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet 2015-2022 Bømlo kommune

Hordaland fylkeskommune viser til motteke høyringsutkast frå Bømlo kommune til planprogram idrett og fysisk aktivitet 2015 – 2022.

Planprogrammet er ryddig og oversiktleg. Det gjev ei fin føring for korleis de tenkjer dette arbeidet skal gjerast. Hordaland fylkeskommune er positiv til at folkehelse er implementert i planen. De har eit fokus på frivilligheit og samarbeid med lag og organisasjonar, og det er både nyttig og nødvendig i denne prosessen.

Føringar

Vi saknar nokre føringar på lista de har sett opp;

[Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014 - 2020](#)

[Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder 2014 - 2020](#)

[Område for friluftsliv - Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland, Prosjektrapport 2008](#)

[Nasjonal transportplan 2014 - 2023](#)

Skulesatsing

Det er svært positivt at de ser arbeidet i samanheng med andre relevante kommunale og regionale planer. I den regionale kulturplanen er ein aktiv skulekvardag eit av tiltaka, og samarbeid med skulen er viktig både når det gjeld lokalisering og sambruk og ikkje minst når vi snakkar om fysisk aktivitet. Det å satse på meir fysisk aktivitet i skulen er ei nasjonal satsing for mange organisasjonar og offentlege instansar. Vi oppmodar dykk til å ta dette inn i planen, og utfordrar kommunen til å vere ein føregangskommune i denne satsinga.

Nasjonal transportplan 2014 – 2023, nasjonal sykkelstrategi og nasjonal gåstrategi er overordna føringar som er med på å sikre trygge gang og sykkelveggar til skule, jobb og fritidsaktivitetar. Kva er dagens status for Bømlo kommune knytt til satsing på gåing og sykling til skule? Kva er ambisjonane i planperioden?

Kart og bilete

I ein slik kommunedelplan der ein skal vise til utvikling av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, vil det vere nødvendig og nyttig med kart og bilete/teikningar. Medverknad frå brukarane er av stor verdi når ein skal teikne inn t.d. fiskeplassar, badeplassar, nærturar og barnetråkk. Vi oppmodar til å ta slike metodar i bruk.

Friluftsliv

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020) og høyringsforslag til regional kulturplan (2015-25). Miljødirektoratet har utarbeidd ei handbok, M98-2013 som skal nyttast i arbeidet. Metoden vil kunne bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikre befolkninga høve

til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen for øvrig. Hovudfokus er på nærmiljø. Målet med kartlegginga er å:

- få oversyn over og tydeleggjera areala til friluftsliv i kommunen
- få verdsett og prioritert areala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar.

Frå 2018 vil det vere eit krav frå Miljøverndepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdsetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder.

Hordaland fylkeskommune har sett igang eit prosjekt 2014-2017 med mål om at alle kommunar skal gjennomføre ei slik kartlegging og verdsetting av friluftsområder. Friluftsrådet Vest har sagt seg villig til å vere den lokale prosjektleiar for alle sine medlemskommunar i Sunnhordaland. Vi vonar Bømlo ønskjer å delta i dette arbeidet som vil gje nyttig grunnlagsinformasjon til arbeidet med kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet 2015-2022.

Det bør vurderast om friluftsliv skal implementerast som ein del av tittelen til kommunedelplanen for å tydeleggjere prioriteringa og skape eit breiast mogleg eigarskap til planen. Forslag til tittel er kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Medverknad

Planprosessen er godt skildra. Stor grad av medverknad er ein føresetnad for utviklinga av ein god plan og realiseringa av den.

Resultat/evaluering - Gjeldande plan 2003 – 2006.

Vi saknar ei evaluering og resultat frå gjeldande plan. Dette er nyttig i arbeidet med ny plan, både for å trekke liner bakover, men også for å gje ein peikepinn på kor prioriteringane bør kome og kva utfordringar ein kan møte på.

Målsetjingar

De skriv at det er eit nasjonalt mål at det bør leggest til rette med tuområde nært opp til bustadområde for å stimulere til auka fysisk aktivitet. Vi ønskjer å utfordre dykk til å gjere dette til eit lokalt mål for Bømlo og til å sette opp fleire konkrete mål for korleis dette skal gjerast i dykkar kommune.

Det saknast eit eige punkt for utvikling av anlegg. Slik handlingsprogrammet forståast no, er fokus på aktivitet, mangfald og utvikling av tilbod. Dette er veldig bra, og indirekte les vi at middelet for å oppnå dette er anleggsutvikling, men dette bør kanskje også vere med som eige punkt.

I tillegg til lista over målsetjingar som de legg fram i planprogrammet, vil vi gjerne at de legg meir vekt på samlokalisering som eit viktig ledd i anleggsutviklinga. Og som vidareføring av det, vil det vere positivt om ein tek stilling til interkommunalt samarbeid i utviklinga av desse fagområda.

Hordaland fylkeskommune ønskjer lukke til vidare i prosessen og ser fram til å motta høyringsutkast for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015 – 2022. Vi gjer merksam på at innspelet vårt er administrativt og ikkje politisk handsama.

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Elisabeth Knutsen